

## Ny praksis og ny politikk. Om utviklinga av vestlandslandbruket

Folketalet går ned på bygda og gardsbruk vert lagt ned. Veret vert villare og landbruket har klimautslepp.

Coronaåret 2020 har lært oss at Noreg må auke graden av sjølvberging både på mat og anna. Pandemiar, klimakrise og andre kriser kan fort føre til at det å flytte matvarer og driftsmiddel over lange strekningar vert uråd. Det siste er, uansett, lite klimavenleg.

Folkemengda i verda aukar samstundes med at klima endrar seg og mange stader vert det vanskeleg å halde oppe produksjonen av mat.

Store jordbruksareal går ut av drift, og jordbruket si rolle i distriktsbusetjinga minkar. I Vestland er over 20 prosent av jordbruksarealet ute av drift.

Klimakrisa må løysast samstundes som det biologiske mangfaldet må sikrast. SV meiner at auka satsing på landbruket og skogbruket er eit kinderegg i denne samanhengen.

Vestland SV meiner vi også her må ta vare på matjorda, og vi må ha eit landbruk som brukar mest mogleg lokale ressursar i produksjonen av mat.

Framtidas landbrukspraksis må bygge jord, vere regenerativt og karbonbindande.

Det krev ein ny landbrukspraksis med bruk av all dyrka jord og utnytting av beite. Det måtte verte slutt på å bygge ned matjord. Matproduksjonen må i større mon bygge på lokale, fornybare ressursar.

Matproduksjonen er ein biologisk produksjon der sola er energikjelda. Plantene omset denne energien til mat for folk og dyr. Desse prosesane gjev verdfull næring, men også utslepp av karbon og metan. Landbruket og Staten har avtale om å redusere utsleppa av karbon og å binde meir karbon i jorda. Her trengs ny kunnskap om jord og jordbruk og truleg også om husdyr og plantedyrking.

I jordbruksavtala i 2014 då Framstegspartiet styrte landbruksdepartementet vart det ei omlegging. Dei største brukta vart prioriterte framfor mindre. Same retninga har halde fram også i åra etterpå. Dette har førd til at Vestlandsbonden, med relativt små bruk, har tapt. Mange mindre bruk er nedlagde og produksjonen vert samla på færre og større bruk. Bruk med fleire produksjonar forsvinn, det vert meir spesialisering, og på mange bruk vert det monokultur.

Politikken vi fører gjev oss den utviklinga av landbruket vi vil ha. SV meiner vi bør legge om politikken frå å prioritere kortsiktige stordriftsfordelar til eit landbruk der kunnskap om biologiske samanhengar må styre politikken. Verkemidla i landbruket må vere langsiktige. Vi må auke kunnskapen om korleis drift av jord og skog kan vere ein viktig reiskap i å betre klimaet og det biologiske mangfaldet og setje utøvarane i desse næringane i stand til å gjere dette viktige arbeidet.

**Vestland SV vil:**

- Halde på tal gardsbruk i drift og oppretthalde eller auke verdiskapinga i landbruket.
- Auke sjølvforsyningsgraden til 50 % innan fem år.
- Ta i bruk all dyrka jord og nytte utmarksbeite mykje meir. Dette vil gje meir levande bygder, matvaretryggleik og auke karbonbindinga i jord.
- Investeringsmidlar må gå til å utvikle landbruket, gje meir mangfald og utnytting av ressursane på garden.
- SV vil at dei mindre brukar vert prioriterte og at jordbruksavtalemidlar vert knytt til utnytting av areal og andre lokale ressursar.
- Det må verte eit løft for økologisk landbruk i jordbruksavtala.
- Karbonbindande praksis må stimulerast gjennom jordbruksavtalen
- Det må ikkje tillatast nedlegging av bruk gjennom utskiljing av våningshus og sal av jorda.
- Produksjon av biokol, både som ny næring/ tilleggsnæring, for god karbonbinding i jorda og jordforbetrar.